



4.0 Mistanke om lese og skrivevanskar - skule

Kva: Når barnet har vanskar med å tileigna seg funksjonell lese- og skrivekompetanse trass i ordinær opplæring. Lesevanskar kan vera vanskar med ordavkoding og/eller vanskar med forståing. Skrivevanskar kan vera vanskar med rettskriving og med å skriva tekst.	Meir om lese og skrivevanskar: Statpedvest-dysleksi Statpedapper NLB Lese for livet Relemo Språkapper Inspiration Maps
Observasjon: 1. Avkodingsvanskar: Hugsa bokstavlydar og kopla rett bokstav, læra det alfabetiske prinsippet, lesa ord, lesa nøyaktig, god lesefart, oppnå effekt av øving og opplæring 2. Forståingsvanskar: Forstå ord og setningar, innhald og samanhengar i tekst, setningsmelodi, tilpassa lese måte/ lesetempo 3. Skrivevanskar: Forma bokstavane, skriva og ord, bokstavforveksling, bokstavomkastingar, utydeleg skrift, starvanskar, vanskar med innhald, ord og setningsvanskar, utelating av ord, teiknsetjing, enkle - korte tekstar, struktur og presentasjon, formidling, kunnskap gjennom skriving	Kartlegging: Observasjon i daglege situasjonar i skulen: - observasjon - elevsamtale som metode; tips til samtale med barn - Felles system for kartleggingspraksis Odda Kommune - Observasjon i daglege situasjonar i barnehage og skule: - «Lese for livet 2016», sjå <i>Kartlegging Førskole – 10.trinn, herunder TRAS, SOL, Carlsten, Ordkjedetesten, Setningsleseprøven</i> - LOGOS lesetest



Verktøykasse skule

4.0 Mistanke om lese og skrivevanskar

Når barnet har vanskar med å tileigna seg funksjonell lese- og skrivekompetanse trass i ordinær opplæring. Lesevanskar kan vera vanskar med ordavkoding og/eller vanskar med forståing. Skrivevanskar kan vera vanskar med rettskriving og med å skriva tekst.

Årsakar:

- synsvanskar
- høyrsvanskar
- språkvanskar
- læreforutsetninger
- emosjonelle årsaker
- pedagogiske årsaker
- dysleksi

Kven kan man ta kontakt med etter utprøvd tiltak:

- Helsestasjon
- PPT
- Logoped

Utdyping av vanskar og forslag til tiltak:

Tidlig innsats er svært viktig i forhold til barn med lese og skrivevanskar. Med tidlig meiner ein så snart ein opplever vanskar knytta til eit barnet. Tiltak skal iverksettast med utgangspunkt i dei observasjonar og/eller kartleggingane som er gjennomført og førast inn i skjemaet [plan for støttetiltak](#).

4.1 Avkodingsvanskar kan visa seg som vanskar med å:

- læra og hugsa bokstavlydar og kopla til rett bokstav
- forstå korleis ein trekkjer lydar saman til ord (læra det alfabetiske prinsippet)
- lesa ord
- lesa nøyaktig
- lesa med god fart
- oppnå effekt av øving og opplæring

4.1.1 Tiltak for å styrka avkodinga:

- Arbeid med fonologisk medvit, sjå *“Lese for livet 2016”, Språklig kompetanse, Språklig bevissthet*.
- Fokus på einskildlydar i ord, sjå *“Lese for livet” 2016, Bokstavkompetanse og Lesekompetanse, Avkoding*.
- Fokus på samanheng mellom lyd og bokstav og mellom skrift og tale, sjå *“Lese for livet” 2016, Bokstavkompetanse og Lesekompetanse, Avkoding*.
- Skriva seg til lesing med talande tastatur ([STL+](#)), kan vera til stor hjelp for elevar som strevar med bokstav/ lyd- kombinasjonen ([Skoleskrift 2](#), [IntoWords](#))



BTI - verktøy

4.2 Forståingsvanskar kan visa seg som vanskar med:

- å forstå ord og setningar
- å forstå innhald og samanhengar i tekst
- setningsmelodi (prosodi) ved høgtlesing
- å tilpassa lese måte og lese tempo til teksten

4.2.1 Tiltak for å styrka leseforståinga:

- Arbeid med leseforståing, sjå *“Lese for livet” 2016, Språklig kompetanse, Språkforståelse og Lesekompetanse, Leseforståelse.*
- For å ivareta forståing og motivasjon hos elevar med avkodingsvanskar, kan tekstar markerast og lesast opp, til dømes ved hjelp av [IntoWords](#).
- Tilgang til digitale lærebøker til dømes [Brettboka](#).

4.2.2 Tiltak for å styrka ordforrådet:

- Eit stort vokabular ved skolestart gjer det lettare å læra seg å lesa og skriva.
- Arbeid med ordforråd, sjå *“Lese for livet, 2016”, Språklig kompetanse, Språkforståelse*
- Strukturert ordlæring, til dømes «En veileder om begrepslæring», Statped eller [“30-ordlista”](#)
- Tankekartprogram med høve til å leggja inn bilete, tekst og tale: Kidspiration og [Inspiration Maps](#)



4.3 Skrivevanskane kan visa seg som:

- vanskar med å forma bokstavane
- vanskar med å skriva og ord
- bokstavforveksling (til dømes skriv b i staden for p)
- bokstavomkastingar (byt om på bokstavrekkefølga)
- utydeleg eller stygg skrift
- vanskar med å koma i gang med skriftleg arbeid
- vanskar med å vita kva ein skal skriva
- vanskar med å finna ord, og setja saman orda til ei setning
- utelating av småord og bindeord
- vanskar med teiknsetjing (komma, punktum osv)
- kortfatta og enkle tekstar
- vanskar med å strukturera og presentera skriftleg stoff
- vanskar med å formidla ynskja innhald
- vanska med å synleggjera eigen kunnskap gjennom skrivning

4.3.1 Tiltak med fokus på skrivevanskar:

- Arbeid med skrivekompetanse, sjå *“Lese for Livet 2016”, Skrivekompetanse*.
- Ved hjelp av appen [Book Creator](#) kan du laga eigne elektroniske bøker. Her kan du setja inn bilete, tekst, video, tale, musikk og hyperlenkjer. Tekst som blir skriven i boka, kan lesast opp med syntetisk tale.
- [STL+](#) er også til hjelp for elevar med skrivevanskar.



BTI - verktøy

Ressursar:

[Informasjon om lese- og skrivevanskar frå Statped](#)

[Informasjon om STL+](#)

[Film om STL+](#)

[Norsk Lydbokbibliotek](#)

[Book Creator](#)

[Film om Book Creator](#)

[Brettboka](#)

[Film om digitale lærebøker](#)

Apper:

Inspiration Maps - [Film om Inspiration Maps](#)

Skuleskrift 2 - [Film om Skuleskrift 2](#)

[IntoWords](#)

[Oversikt over språkappar](#) – blir jamleg oppdatert

[Oversikt over apper utvikla av Statped](#) - blir jamleg oppdatert